



**Denne PDF-porteføljen bør åpnes i Acrobat X
eller Adobe Reader X eller senere.☒**

Skaff deg Adobe Reader nå!

Fra: [Kvam Unn Jenny Utne](#)
Til: [Lillian Straumøy Brakstad](#)
Emne: SV: Høyring - søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for frådelling av areal til bustadbygging på Hjertås, gbnr 9/10.
Dato: 21. august 2015 15:14:10

Hei,

På grunn av ferie har vi ikkje fått sendt svar i denne saka innan fristen på 4 veker (ser at fristen gjekk ut i går).

Vi vil sende ein uttale i løpet av neste veke, og håpar den kjem tidsnok fram for vidare sakshandsaming hos dykk.

Orsak ulempene dette måtte føre til for dykk.

Med helsing
Unn Jenny Utne Kvam

Seksjon: Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER
Kontoradresse: Spelhaugen 12, FYLLINGSDALEN
Telefon: +47 55516243 Mobil: +47 97594846 e-post/Lync: unn.kvam@vegvesen.no
www.vegvesen.no e-post: firmapost-vest@vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?

Fra: Lillian Straumøy Brakstad [mailto:lillian.s.brakstad@meland.kommune.no]

Sendt: 23. juli 2015 10:39

Til: Firmapost-Vest <firmapost-vest@vegvesen.no>

Emne: Høyring - søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for frådelling av areal til bustadbygging på Hjertås, gbnr 9/10.

Statens vegvesen Region vest
Askedalen 4

6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2095 – 15/14584

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
23.07.2015

Høyring – søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for frådelling av areal til bustadbygging på Hjertås, gbnr 9/10.

Saka gjeld:

Det vert vist til søknad frå Einar Buarøy v/Meland Bolig AS om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel – LNF – , jf plan-og bygningslova § 19-2, for frådelling areal til bustadbygging på Hjertås, gbnr 9/10.

Tiltakshavar har i søknaden oppgitt arealet til ca 4000 m², administrasjonen har målt arealet i kartet til ca 6100 m².

Planstatus:

Eigedomen er i kommuneplanen sin arealdel avsett til LNF.

Søknad om dispensasjon:

Det er i skriv frå tiltakshavar søkt om dispensasjon for arealoverføringa, sjå vedlegg.

For grunningjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit.

Kommuneplan og lovgrunnlag:

Kommuneplanen sin arealdel er styrande for arealbruken og søknaden vert først vurdert i høve til den. I LNF sona i kommuneplanen skal det til vanleg ikkje gjevast løyve til tiltak som krev byggeløyve eller andre varige konstruksjonar.

Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19-2:

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå. I § 1-1 i plan-og bygningslova heiter det m.a.: Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål.

Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring:

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast. Etter gjeldande sakshandsamingsreglar vert søknaden om dispensasjon sendt regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordaland – Kommunal-og samfunnsplanavd., Hordaland Fylkeskommune – Regionalavdelinga og Statens vegvesen til uttale, før det vert gjort vedtak i saka.

Frist:

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Vedlegg:
Dispensasjonssøknad
Kart
9-10 1_1000
9-10 1_3000

Kopi til:
Meland Bolig AS

v/Arne Rossnes

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland P.b 7310 5020
Hordaland Fylkeskommune Regionalavdelinga 5020

BERGEN
BERGEN

Statens vegvesen Region
vest

Askedalen 4

6863

LEIKANGER